



Kommunane i Møre og Romsdal

Saksbehandlar, innvalstelefon

Sveinung Dimmen, 71 25 84 20

Oppmoding om utsett svarfrist i høyringssaker etter plan- og bygningslova

Fylkesmannen er statens representant i fylket og har m.a. ansvar for å følge opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. I den regionale og kommunale planlegginga skal vi sjå til at det blir tatt omsyn til viktige regionale og nasjonale interesser som gjeld arealforvaltning, landbruk, klima og miljø, oppvekst, helse og samfunnstryggleik.

Fylkesmannen er høyringspart i alle plan- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova. Erfaringar frå tidlegare år viser at talet på slike saker oversendt Fylkesmannen for behandling gjerne når ein topp i juni og juli månad. Mange kommunale plansaker er til politisk behandling i siste møterunde før sommarferien i kommunestyre og/eller formannskap. Dette som utgangspunkt for utlegging til offentleg høyring.

Offentleg høyring av plansaker i sommarferien er på generelt grunnlag utfordrande av fleire grunnar. Dette m.a. fordi:

- juni og juli månad er samanfallande med «hovudferien» for våre og for andre høyringspartar sine plansaksbehandlarar; lågare saksbehandlingskapasitet i kombinasjon med auka saksmengde vil her vere problematisk
- kommunens eigne innbyggjarar og lokale aktørar elles vil ikkje vere like tilgjengelege som i resten av året; som ledd i ein open og inkluderande planprosess vil dette vere uheldig

I år vil dette «utfordringsbildet» vere vesentleg forsterka p.g.a. koronapandemien. Endringar og nedstenging av viktige samfunnsfunksjonar og samfunnsoppgåver har i mange kommunar ført til at plansaker som ein naturleg konsekvens av dette har blitt ståande på vent. Med gjenopning og gjenopptaking av faste oppgåver i løpet av mai og juni er det forventa at plansaker til høyring sommaren 2020 når ein ekstra topp.

På bakgrunn av dette oppmodar vi kommunane om å utvide høyringsfristen med to – tre veker i samband med kommunale plan- og dispensasjonssaker som blir utsendt i juni og juli månad 2020 (perioden 1. juni – 31. juli).



Med helsing

Berit Brendskag Lied
Ass.fylkesmann

Sveinung Dimmen
Samordnar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:
Møre og Romsdal fylkeskommune Fylkeshuset 6404 Molde